



Åge Hareide møtte mange kjende bygdafjes, mellom dei Vigdis Riise (med mobilkameraet) og Gunnar Riise, begge medlemmer i Hareid Rotaryklubb.

Åge Hareide i Hareid Rotaryklubb

# Meir kjend enn Moser

Som landslagssjef for Danmark vil Åge Hareide utan tvil bli meir kjend enn Nobelprisvinnar Moser - i København.

- Leiv Arne Grimstad

- I København kjem du til å vere ein meir kjend nordmann enn Edvard Moser.

Dette var avslutningstonen då Hareid Rotaryklubb heldt seanse med den nye danske landslagstrenaren i fotball Åge Hareide i aulaen på Hareid ungdomsskule måndag kveld.

Orda kom frå «gamlelærer» Sverre Bjåstad då han overrekte Åge Hareide Rotaryklubben si jubileumsbok som takk for at han tok turen når han likevel var i området.

Rotarypresident Bernhard Harkjerr opna samlinga med nokre ord om kva Rotary står for og arbeider med – og så fekk Åge Hareide frie taumar i eit inferno av fotball-anekdotar og treningsopplegg.

– **Fantastisk stad å vekse opp**

Og sjølvsagt aller først foretok han eit sveip over barndomen på Hareid:

Foredraget baud på mange gode historier, som sjølvsagt ikkje er heilt sanne. Den om Hødd-keeper Einar Waage var det glans over: Waage var kjend som ein keeper som gjerne la ut på «bærturar» bort frå mål. Det var nesten eit varemerke. Åge hevda i den samanheng at det forelåg foto av alle Lisleby sine mål då Østfold-laget ein gong slo Hødd 6-1. Og ikkje på eit einaste av dei var Hødd-keeper Waage med.

Meir om Åge-besøket i papiravisa torsdag.